

**I kveld opnar Magne Huglen låvedans-sesongen på Dønhaug og etter det avklarande møtet med kommunen gjer han det med mellombels bruksløyve.**

Det heiter i vedtaket frå kommunen at løyvet vert forlenga på bakgrunn av revidert brannteknisk dokumentasjon motteke i 2009 og det avklarande møtet.

Men det er registrert avvik som ikkje er til hinder for bruksløyvet. Det gjeld manglande dokumentasjon på at utførte tiltak stettar branntekniske krav i branndokumentasjon frå Skansen Consult i 2009.

Det må gjennomførast organisatoriske tiltak ved arrangement i samsvar med brannteknisk dokumentasjon slik som kompensasjon for panikkbeslag på rømingdørar for å trygga rask og effektiv røminbg.

Det skal innan 1. juni haldast eit møte om faktiske, konkrete tiltak og endringar ved bygningane utifrå krava i ein brannteknisk prosjekteringsrapport frå 2009. Eventuelle manglar må vera retta innan 1. juli

Av Ola Matti Mathisen